

Oslo, 20. januar 2017

Statsråd Solveig Horne  
Barne- og likestillingsdepartementet  
Postboks 8036 Dep, 0030 Oslo

## **Innspel til statsbudsjettet 2018**

*Unge funksjonshemmede er ein uavhengig interesseorganisasjon for 35 frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar, som til saman har over 25 000 medlemmer. Me er ein sentral kunnskapsleverandør og samarbeidspartnar for alle som arbeider med inkluderanse arbeidsliv, helse og organisasjonsutvikling for unge med funksjonsnedsettingar og kroniske sjukdommar. Unge funksjonshemmede sitt overordna mål er full deltaking og likestilling for funksjonshemma ungdom.*

Med dette tillèt me oss å komme med våre innspel til statsbudsjettet for 2018. Me ser fram til godt samarbeid framover.

## **Kapittel 846 Familie- og oppvekst Kapittel 872 Nedsett funksjonsevne**

Diagnoseorganisasjonane for ungdom bidreg til mangfald, likeverd og til å myndiggjere enkeltmenneske. Dei skapar møteplassar der medlem deltek i aktivitetar dei sjølv vel, brukar engasjement og vidareutviklar ferdigheter og kunnskapar. Mange driftar likepersonsarbeid og brukaropplæring. Organisasjonane er demokratiske representantar for ei mangfaldig gruppe som ofte ikkje er like synleg og ikkje alltid blir høyrte og sett.

Trygge og ikkje-byråkratiske støtteordningar er avgjerande for å gje flest mogleg gratis tilbod, prioritere det medlemmane sjølv meiner er viktigast, og bygge organisasjon over tid. Gode rammevilkår er avgjerande for at organisasjonane kan ha tilbod som er fysisk tilgjengelige og inkluderanse, uavhengig av medlemmane sine funksjonsnedsettingar eller kroniske sjukdommar.

Låg omsetning og få eller ingen ressursar til aktiv marknadsføring, gjer at momskompensasjon, gåvefrådrag og grasrotandelen i liten eller ingen grad kjem desse organisasjonane til gode. Ei rekke diagnoseorganisasjonar har òg eit avgrensa rekrutteringsgrunnlag, som blant anna fører til at fleire organisasjonar primært har tilbod av nasjonal karakter, og dermed er stengt ute frå dagens Frifond-ordning. Diagnoseorganisasjonane for ungdom er derfor svært avhengige av ulike prosjektstøtteordningar. Slike ordningar har gjerne omfattande krav til søknad og rapportering, og er basert på politiske, faglege og andre prioriteringar hos den enkelte støtteforvaltar, som regel det offentlege.

Diagnoseorganisasjonar for ungdom kan ha stort utbytte av å arbeide internasjonalt og skape eit nettverk med diagnoseorganisasjonar i utlandet. Dette bidreg til

kompetanseheving i organisasjonane, og er med på å mogeleggjere at unge med funksjonsnedsettingar og kroniske sjukdommar kan påverke avgjersler som blir tatt internasjonalt nivå. Koordinering av internasjonalt arbeid og representasjon er likevel endå meir ressurskrevjande for diagnoseorganisasjonar, med stort behov for tilrettelegging, og krev langsiktig arbeid og oppfølging. Ordninga med tilskot til internasjonalt ungdomsarbeid har ein same utfordringane som den nasjonale grunnstøtta med tanke på krav til organisasjonen sin størrelse og organisering. I tillegg ar ordninga over til blitt redusert i størrelse.

Unge funksjonshemmede meiner at frivilligheitspolitikken må bidra til at barne- og ungdomsorganisasjonar får større ressursar til kjerneaktivitet og eigne prioriteringar, og blir mindre avhengige av byråkratisk prosjektstøtte og statlege prioriteringar. Me ynskjer ei vriding frå prosjektstøtte til grunnstøtte. Vi er glade for at den nasjonale grunnstøtta blei auka med 10 millionar i årets statsbudsjett, men ser behov for at det kjem ei tilsvarande auke i neste års statsbudsjett. Diagnoseorganisasjonar må sikrast grunnstøtte som gjer det mogleg å drive eit stabilt, nasjonalt arbeid, samt ha den same mogelegheita til å drive internasjonalt arbeid om ønskeleg. Samtidig må «vanlege» barne- og ungdomsorganisasjonar sikrast ressursar til å legge til rette for at medlem med funksjonsnedsetting og kronisk sjukdom kan delta på linje med andre.

*Unge funksjonshemmede ber derfor om at bevillinga over kapittel 846, post 70 «Barne- og ungdomsorganisasjonar» aukast kraftig. Bevillinga over kapittel 872, post 70 «Funksjonshemme sine organisasjonar» bør òg aukast i tråd med auken i talet organisasjonar som får støtte. Dette er viktig for å sikre det langsiktige arbeidet til organisasjonar for ungdom med funksjonsnedsettingar og kroniske sjukdommar.*

*Unge funksjonshemmede ber vidare om at det blir lagt til rette for at organisasjonar for barn og unge med funksjonsnedsettingar og kronisk sjukdom kan driva langsiktig internasjonalt arbeid, gjennom å auka bevillinga over kapittel 846, post 79 «Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid». Det vil òg vere hensiktsmessig å sjå på korleis den internasjonale grunnstøtte kan innrettast slik at fleire organisasjonar kan starte opp internasjonalt samarbeid og utveksling, og slik at tilretteleggingskostnaden, som kan være til hinder for diagnoseorganisasjonar som ynskjer å drive internasjonalt arbeid, blir kompensert.*

Med vennleg helsing

Camilla Lyngen  
Styreleder  
[camilla@ungefunksjonshemmede.no](mailto:camilla@ungefunksjonshemmede.no)  
918 46 984

Synne Lerhol  
Generalsekretær  
[synne@ungefunksjonshemmede.no](mailto:synne@ungefunksjonshemmede.no)  
480 93 590

